



Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport – 1. kvartal 2020

Ørskog Sparebank



Delårsrapport 1. Kvartal 2020

Ørskog Sparebank oppnådde eit totalresultat på 1,661 mill. kr. pr. 31.03.2020. Dette utgjør ein nedgang på 1,601 mill.kr. samanlikna med 31.03.2019. Ei dramatisk endring i marknadssituasjonen med Covid-19 utbrot, fall i oljepris og svake framtidsutsikter for norsk økonomi har ført til at banken har auka tapsavsetnadene vesentleg i kvartalet. Det er også eit verdifall i bankens si obligasjonsportefølje som bidreg til eit svakt kvartalsresultat samanlikna med tidlegare år. Bankens sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 8,76 %. Rentenettoen har styrka seg grunna rentekutta frå Norges Bank, men ein ventar at denne vil svekke seg dei komande månadane. Bankens sine provisjonsinntekter aukar med kr. 1,2 mill. medan kostnadane syner ei auke på kr. 1,895 mill. Bankens sin balanse er solid med ei kjernekapitaldekning på 19,82 %.

Resultatrekneskapen

Banken har frå 01.01.2020 teke i bruk eit nytt rekneskapspråk IFRS9 som gjev store endringar i høve rekneskapsføring og balansevurdering. Dette betyr at det er nye reglar for klassifisering og måling av finansielle eigendelar og nedskrivingar. Notekrava er endra, og det er innført nye definisjonar og utrekningsmåtar. Banken har valt å ikkje omarbeide tidlegare års rekneskap, noko som gjer at fleire av rekneskapspostane ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare rekneskap.

Kvartalsrekneskapen er forøvrig sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v.

Ørskog Sparebank har pr. 31.03.2020 eit resultat før tap og skatt på 5,463 mill. kr. tilsvarande 0,78 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). Resultat før tap og skatt var pr. 31.03.2019 på 4,594 mill.

Bankens sitt totalresultat etter tap og skatt er på kr. 1,661 mill. kr. noko som er 1,601 mill. kr. svakare enn 31.03.2020 grunna auka avsetning til tap.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter er 13,452 mill. kr. mot 11,289 mill. kr. ved utgangen av 1. kvartal 2019. Dette utgjør 1,92 % av GFK, mot 1,76 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg på grunn av auka innskotsmargin, og eit vesentleg fall i marknadsrentene. Noregs Bank sette i mars månad ned rentene med heile 1,25 %poeng, noko som alle bankar har følgd opp ved å sette ned utlån- og innskotsrenter. På grunn av den ekstraordinære situasjonen valde banken å

gje utlånskundane eit framskunda rentekutt. Innskotsrentene blir derimot ikkje sett ned før i midten av mai. Dette vil føre til at Rentenettoen vil svekke seg utover i 2. kvartal.

Andre driftsinntekter

Provisjonsinntektene er 4,205 mill. kr. samanlikna med 3,053 mill. kr. 31.03.2019. Det er i hovudsak auka inntekter frå betalingsformidling og forsikringsprovisjon som forklarar auken. Banken jobbar aktivt med å styrke andre inntekter og styret er nøgd med denne utviklinga.

Bankens si obligasjonsportefølje inneheld i hovudsak senior bankobligasjonar og obligasjonar med fortrinnsrett. Denne type verdipapir skal førast til verkeleg verdi i rekneskapen. Som følgje av den seinare tids uro i finansmarknadane har verdifallet gjeve et rekneskapsmessig tap på 0,382 mill. kr. pr. 31.03.2020.

Driftskostnader

Driftskostnadene syner ein auke på 1,895 mill. kr. og utgjør i 1. kvartal 2020 11,654 mill. kr. mot 9,759 mill. kr. for tilsvarande periode i 2019. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,67 % mot 1,52 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 66,7 % pr. 31.03.2020 mot 68,97 % pr. 31.03.2019. Kostnadsveksten er dels grunna auka aktivitet og prisvekst for tenester som er knytt opp til Eika Gruppen som til dømes Depotservice og Økonomiservice. Bankens er opptatt av å auke effektiviteten med hjelp av automatiserte og digitale prosessar. Bankens ser ei positiv utvikling på fleire av tenesteområdene trass i at kostnadane aukar.

Banken har eitt årsverk meir tilsett i dette kvartalet samanlikna med 1. kvartal i 2019. Ørskog Sparebank har som målsetting å tilby god personleg rådgjeving til både privat- og bedriftsmarknaden. Auka kompetanse og bemanning er eit viktig grep for å oppnå berekraftig vekst og dermed legge til rette for målretta utlånsvekst og auka provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareavtalar.

Tapskostnad

IFRS9 har medført eit strengare krav til å gjere tapsavsetnader før dei faktiske tapa faktisk kjem. Heile låneportefølja skal fordelast på 3 steg, noko som gir ei føring for kor stor tapsavsetnader som banken må ta. I steg 1 skal det i prinsippet ikkje være mogeleg for kredittap dei neste 12 månadane.

Det er stor usikkerheit knytt til dei økonomiske effektane av spreininga av Covid-19 viruset og av dei tiltaka som blir gjort for å redusere spreininga av viruset. Både lengda på tiltaka, og framtidig omfang gjer det vanskeleg å rekne på dei økonomiske ringverknadane.

Med bistand frå Eika-alliansen er det utarbeidd ein metodikk for utrekning og justering av nedskrivingsbeløp. Metodikken tar utgangspunkt i ei risikovurdering av ulike næringsgrupper og bransjar som ein venter vil bli hardast råka av den økonomiske situasjonen. Banken har deretter gått gjennom eiga portefølje og lokale marknadshøve for å rekne på behovet for endring i gruppevis nedskrivning. Banken har i tillegg manuelt flytta fleire engasjement frå steg 1 til steg 2 i dei gruppevise tapsavsetnadene. Den negative resultatmessige effekten av denne flyttinga er på i overkant av 0,4 mill kr.

Styret har gjort ei grundig vurdering av tapsutsette og misleghaldne engasjement, og har og har som fylgje av dette auka dei individuelle tapsavsetnadane med 4,179 mill. kr.

Banken har lagt til grunn at det gradvis vil kome oppmjukingar i tiltaka som skal avgrense smittespreiing. Men det er grunn til å vente eit stort fall i brutto nasjonalprodukt og redusert konsum som følgje av auken i arbeidsløyse og den usikre situasjonen.

Når det gjeld fallet i oljeprisen venter ein at det vil bli mindre investeringar og lågare aktivitet i olje- og oljeserviceindustrien.

Banken har ikkje direkte eksponering på desse sektorane, men privatkundar som er tilsett i selskap med tilknytning til oljeindustrien vil kunne

vente vidare permitteringar og kanskje arbeidsløyse på sikt.

Pr. 31.03.2020 er det uklart korleis dei offentlege støtteordningane som kontantstøtte og statsgaranterte lån vil verke for kundane. Også av denne grunn er det vanskeleg og med høg grad av usikkerheit å gjere oppdaterte risikovurderingar av dei einskilde kundane.

Samansetjinga av banken si utlånsportefølje gjer at forventa framtidige kredittap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil, relativt sett, bli moderate.

Samla tapskostnad enda i kvartalet på 4,341 mill kr. samanlikna med 0,260 mill kr i fjor.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 2.808 mill. kr., mot 2.620 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjer 2.452 mrd. kr og er ein auke på 179 mill. kr. sidan i fjor. Banken nyttar dels Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Inklusive desse låna er samla auke i dei totale låna på 2,962 mill. kr. Dette utgjer ein auke på 7,90 % samanlikna med fjoråret.

Konkurransen på personkundemarknaden held seg oppe, særleg rundt refinansiering av bustadlån og på ung-segmentet. Store bankar har foreiningsavtalar med landsdekkande organisasjonar med svært låge rentesatsar, noko som aukar rentebevisstheita ute i marknaden.

Som følgje av ei stor auke i permitteringar og stengte verksemdar grunna Covid-19 utbruddet, er det innvilga avdragsutsetjing til omlag 20 % av kundemassen både til privat- og bedriftskundane.

Styret registrerer at utlånsveksten i kvartalet er avtakande. Styret forventar at den usikre økonomiske situasjonen og ei dramatisk auke i arbeidsløysa vil gje lågare aktivitet på bustadmarknaden i dei komande kvartala.

Misleghald og tapsutsett portefølje

Dei misleghaldne engasjementa utgjorde 15,815 mill. kr. tilsvarande 0,53 % av brutto utlån. Tilsvarande tal pr. 31.03.2019 var 13,428 mill. kr. tilsvarande 0,49 % av brutto utlån. Auken skuldast nokre få misleghaldne bustadlån og mindre næringsengasjement som har utvikla seg negativt. Banken er sikra med pant i fast eigedom

og ser ikkje noko fare for vesentlege tap knytt til dei engasjementa som er misleghaldne.

Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement utgjer 59,673mill. kr. ved kvartalsskiftet, mot 61,980 mill. kr. pr. 31.03.2019. Banken sine kredittrådgevarar følgjer tett opp portefølja med handlingsplanar og overvakar utviklinga.

Innskot

Banken sine innskot har auka med 136 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjer no 1.995 mrd. kr. Dette er ein auke på 7,280%. Innskotsdekninga er på 81,35 % pr. 31.03.2020 mot 81,7 % pr. 31.03.2019. Styret meiner at banken sin posisjon som ein solid og nøktern sparebank gir eit godt utgangspunkt for auka vekst på innskot i tida framover.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer 46,175 mill. kr. Banken si obligasjonsportefølje utgjer 201,824 mill. kr. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på -0,382 mill. kr pr. 31.03.2020. Dette er 0,556 mill. kr. lågare enn samanliknbare tal i 31.03.2019.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 300 mill. kr. Vidare har banken lån i Kredittforeininga for sparebankar (KfS) på til saman 150 mill. kr. Størsteparten av desse har 1-4 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur.

Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 140 mill. kr i DNB som nyleg er fornya. Ved kvartalsskiftet hadde banken innskot på kontoen på ca. 23,5 mill. kr.

Banken har i april 2020 sikra seg 30 mill. kr. i ny finansiering ved å ta opp eit f-lån i Norges Bank med 12 månader løpetid. Låneopptaket blei gjort for å styrke likviditeten i høve den usikre situasjonen ein no er i. Styret er av den oppfatning av banken sin likviditet er god, og at ein er godt rusta for å møte ei utfordrande tid.

Eigenkapital og avkastning

Banken sin ansvarlege kapital er 351,6 mill. kr. Kapitaldekninga er på 22,49 % pr. 31.03.2020 mot 21,36 % pr. 31.03.2019. Banken sin reine kjernekapital er på 297,9 mill. kr. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 19,82 % mot 19,29 % i fjor.

Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Konsolidert rein kjernekapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 18,53 %. Konsolidert ansvarleg kapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 20,76 %.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er på 1,23 % mot 4,52 % pr. 31.03.2019.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden er låge. Styret har gått gjennom misleghaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevise nedskrivningane. Banken sine lån til næringslivet utgjer 23 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljen er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom.

Volumet av misleghaldne engasjement har auka så langt i år, men styret er likevel nøgd med det låge totalvolumet av misleghaldne lån. Styret vurderer kredittrisikoen i banken til å vere klart innanfor dei grenseverdiane ein har sett i dei interne styringsmåla og kredittpolicyen.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing. Dette tilhøvet inneber ein likviditetsrisiko. Finansieringsgraden (forholdet mellom innskot og utlån) er på 81,35 % pr. 31.03.2020 mot 80,0 % pr. 31.03.2019.

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg, trass i den usikre situasjonen norsk økonomi er i. Dette skuldast ein solid befestad posisjon i den lokale marknaden. I vekene frå Covid-19 utbruddet starta har banken auka sine innskot. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkreditselskapet Eika Boligkreditt AS. Styret vurderer ikkje utskrivning av nye obligasjonslån no då tilgangen på anna finansiering er rimelegare.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Utbrotet av Covid-19 og dei økonomiske effektane av tiltak for å unngå spreiding er forventa å påverke banken sitt resultat og

utvikling også i den komande tida. Dette vil mellom anna vere avhengig av om og eventuelt når tenesteytande næringar m.m. vil opne som normalt, og korleis dei offentlege støtteordningane vil fungere.

Usikkerheita knytta til vekst og tapsvurderingar vil vere større enn normalt i tida som kjem.

Med ei forventning om lågare aktivitet og svekka etterspurnad etter lån ventar styret at resultatet for 2020 vil bli svakare enn i 2019. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, ventar styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2020 og framover.

Resultat

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>	Note	31.3.20	31.3.19	31.12.19
Renteinntekter og lignende inntekter beregnet etter effektivrentemetoden		23.645	18.607	84.681
Renteinntekter på eiendeler vurdert til virkelig verdi		1.127	978	4.155
Rentekostnader og lignende kostnader		11.320	8.296	38.470
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		13.452	11.289	50.366
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		4.205	3.053	15.508
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		334	386	1.496
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		26	29	1.993
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-382	174	-222
Resultatandel investering i tilknyttet selskap				
Andre driftsinntekter		150	194	642
Netto andre driftsinntekter		3.665	3.064	16.425
Lønn og andre personalkostnader		5.818	4.942	17.760
Andre driftskostnader		5.413	4.412	17.534
Av-/nedskrivninger og gevinst tap på ikke-finansielle eiendeler		423	405	1.740
Sum driftskostnader		11.654	9.759	37.034
Resultat før tap		5.463	4.594	29.880
Kreditttap på utlån og garantier	Note 7	4.341	260	1.357
Resultat før skatt		1.122	4.334	28.523
Skatt på resultat fra videreført virksomhet		156	1.158	7.284
Resultat av ordinær drift etter skatt		966	3.176	21.239
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>				
Verdiendringer knyttet til investeringer i egenkapitalinstrumenter	Note 8	695	0	0
Andre poster		0	0	0
Sum utvidet resultat		695	0	0
Totalresultat		1.661	3.176	21.239

Balanse

Balanse - Eiendeler

Tall i tusen kroner	Note	31.3.20	31.3.19	31.12.19
Kontanter og kontantekvivalenter		7.640	4.804	4.549
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og sentralbanken		100.398	75.748	80.928
Utlån og fordringer på kunder til virkelig verdi		0	0	0
Netto utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.429.279	2.255.792	2.435.588
Rentebærende verdipapirer	Note 9	201.824	231.054	204.428
Finansielle derivater		155	-11	0
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	46.175	33.695	60.545
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak		0	0	0
Eierinteresser i konsernselskaper		0	0	0
Immaterielle eiendeler		0	0	0
Varige driftsmidler		13.035	14.138	13.331
Andre eiendeler		7.433	4.975	7.280
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		3.000	0	3.000
Sum eiendeler		2.808.938	2.620.195	2.809.648

Balanse - Gjeld og egenkapital

Tall i tusen kroner	31.3.20	31.3.19	31.12.19
Innlån fra kredittinstitusjoner	150.621	163.050	182.948
Innskudd og andre innlån fra kunder	1.995.200	1.859.875	1.965.849
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	301.380	250.753	301.139
Finansielle derivater	319	334	0
Annen gjeld	10.082	19.698	16.043
Avsetninger	3.105	2.772	2.591
Ansvarlig lånekapital	30.258	30.217	30.259
Fondsobligasjonskapital	0	0	0
Sum gjeld	2.490.965	2.326.699	2.498.828
Innskutt egenkapital	0	0	0
Opptjent egenkapital	317.006	290.320	310.820
Fondsobligasjonskapital	0	0	0
Periodens resultat etter skatt	966	3.176	0
Sum egenkapital	317.972	293.496	310.820
Sum gjeld og egenkapital	2.808.938	2.620.195	2.809.648

Eigenkapitaloppstilling

Ørskog Sparebank 1. kvartal

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tall i tusen kroner	Innskutt egenkapital				Opptjent egenkapital						Sum egenkapital
	Overkurs-fond	Fonds-obligasjon	Sparebankens fond	Utjevning-fond	Utbytte	Gave-fond	Fond for vurderings-forskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet	Annen opptjent egenkapital	
Egenkapital 31.12.2019	0	0	310.820	0	0	0	0	0	0	0	310.820
Overgang til IFRS			5.488								5.488
Egenkapital 01.01.2020	0	0	316.308	0	0	0	0	0	0	0	316.308
Resultat etter skatt			966								966
Totalresultat 31.03.2020	0	0	966	0	0	0	0	0	0	0	966
Andre egenkapitaltransaksjoner			698								698
Egenkapital 31.03.2020	0	0	317.972	0	0	0	0	0	0	0	317.972
Egenkapital 31.12.2018	0	0	290.320	0	0	0	0	0	0	0	290.320
Resultat etter skatt			3.176								3.176
Totalresultat 31.03.2019	0	0	3.176	0	0	0	0	0	0	0	3.176
Egenkapital 31.03.2019	0	0	293.496	0	0	0	0	0	0	0	293.496

NOTE 1- Generell informasjon

Ørskog Sparebank er ein sjølvstendig sparebank som tilbyr finansielle produkt og tenester innan områda sparing, utlån, betalingsformidling samt liv- og skadeforsikring. Banken sin målsetting er å vere ein fullskala servicebank med stor nærleik til kundane. Dei viktigaste kundane er personkundar og små/mellomstore verksemdar.

Ørskog Sparebank er registrert og høyrer heime i Noreg, med forretningsadresse Ørskog.

Banken er notert på Oslo Børs med obligasjonsgjeld.

Rekneskapa ble stadfesta 13.05.2020

NOTE 2- Rekneskapsprinsipp og estimat

Delårsrapport pr. 31. mars 2020 er utarbeidd i høve IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal bli lest med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2019. Alle tal er givne i heile tusen kroner. Delårsrekneskapskapen er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i utrekninga av banken sin soliditet. Dei same rekneskapsprinsipp og utrekningar er lagt til grunn i delårsrekneskapskapen som i siste årsrekneskapskap, med unntak av IFRS 9 som trådte i kraft 01.01.2020. Banken viser til årsrapporten for 2019 for informasjon av IFRS 9 og andre regnskapsprinsipp. Det har ikkje vore vesentlege endringar i banken sine modellar.

Banken har tatt i bruk IFRS 9 frå 01.01.2020. Samanlikningstala er ikkje omarbeida og samanlikningstal for 2019 er difor ikkje samanliknbare med informasjonen presentert for 31. mars 2020. Når det gjeld effektar knytta til klassifisering og måling for finansielle instrument i høve overgangen til IFRS 9 blir det vist til årsrekneskapskapen for 2019.

I høve innføringa av IFRS 9 blei det gjort ei endring i IAS 1 par 82 (a) som gjeld for regnskapsperiodar som begynner 1. januar 2020 eller seinare. I høve denne endringa skal renteinntekter berekna ved bruk av effektiv rentemetode (finansielle eigendeler målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi over utvida resultat) bli presentert separat i resultatrekneskapskapen. For banken gjeld dette kontantar og fordringar på sentralbankar, utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og utlån til kundar med flytande rente som blir målt til amortisert kost. Renteinntekter på postane er presentert på linja "Renteinntekter frå eigendeler vurdert til amortisert kost". Renteinntekter på renteberande finansielle eigendeler som blir målt til verkeleg verdi over resultatet (fastrente utlån til kundar, renteberande verdipapir og renter av derivat) inngår i linja "Renteinntekter frå eigendeler målt til verkeleg verdi" basert på kontraktuell rente. Presentasjon av samanlikningstala er endra tilsvarande.

Estimat

Utarbeiding av rekneskapskap i høve aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i nokre høve tar føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som ein meiner er sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytta usikkerheit til dei føresetnader og forventingar som ligg til grunn for estimat og skjønsmessige vurderingar.

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, blir det gjort ei utrekning for å fastslå en verdi på utlånet eller på grupper av utlån. Utrekninga inneber at ein nyttar storleiker som er basert på vurderingar, og disse påverkar godheita i den berekna verdi. Nedskrivningsvurderingar blir gjennomført kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar i høve nedskrivning i steg 3, har ikkje blitt endra i høve Covid-19 utbrotet.

Nedskrivningar i steg 1 og 2 Engasjementer som ikkje er individuelt nedskrivne inngår i beregning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9 nedskrivningar) på utlån og garantier. Nedskrivning blir berekna på grunnlag av utviklinga i kunden sin risikoklassifisering, samt tapserfaring for dei ulike kundegrupper. Utover dette legg ein til grunn konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivningsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa bygger på fleire kritiske føresetnader, som for eksempel sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2019 for ei beskriving av IFRS 9 nedskrivningsmodell og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriterier for overgang til steg 2.

Dei avdragsfritaka som er gitt i høve Covid 19-situasjonen har ikkje automatisk ført til forbearance eller overgang til steg 2. Det er stor usikkerheit knytta til estimata, og det at situasjonen med Covid 19-utbrotet har oppstått nært kvartalsavslutninga fører til at det nødvendig å bruke meir skjønn og ei gruppevis tilnærming når ein skal sjå på nedskrivning av utlån. Det finnes modellberekna nedskrivningar som ikkje tar høgde for den usikre situasjonen norsk økonomi er i, med dårlegare makroutsikter enn dei som er oppdatert i den eksisterande nedskrivningsmodellen. Banken har difor gjort ei vurdering for steg 2 på kundar i bedriftsmarknaden, med utgangspunkt i risiki dei ulike bransjane har for å bli ramma av Covid-19 restriksjonane.

Personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i all hovudsak lån med pant i bustadar med ein låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Noreg har gode velferdsordningar, inkludert spesifikke tiltak innført i høve Covid-19 utbrotet. Difor har ikkje banken auka nedskrivningane for personmarknaden.

Verkeleg verdi på finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje blir handla i ein aktiv marknad blir fastsett ved å bruke ulike teknikkar for verdsetting. I vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata gjer ein anslag om korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettinga må ein nytte skjønn, mellom anna ved å vurdere av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet.

NOTE 3 - Konsernselskap og tilknyttta selskap

Sjå note 11.

NOTE 4- Transaksjonar med nærståande partar

I løpet av 1. kvartal 2020 har ikkje banken hatt transaksjonar med nærståande partar.

NOTE 5 - MISLEGHALDNE OG TAPSUTSETTE LÅN

Misleghaldne engasjement

	1. kvartal 2020	1. kvartal 2019	Året 2019
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	8.322	3.994	8.296
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	7.494	9.774	7.052
Nedskrivninger i steg 3 (individuelle nedskrivninger i 2019)	-4.171	-300	-1.550
Netto misligholdte utlån	11.645	13.468	13.798

Andre tapsutsette engasjement

	1. kvartal 2020	1. kvartal 2019	Året 2019
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - personmarknaden	6.511	0	14.839
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	75.162	54.594	72.288
Nedskrivninger i steg 3 (individuelle nedskrivninger i 2019)	-16.698	-13.900	-14.600
Netto tapsutsette engasjement	64.975	40.694	72.527

NOTE 6 - FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kundar fordelt på sektorer og næringer

	1. kvartal 2020	1. kvartal 2019	Året 2019
Landbruk	22.968	27.116	29.990
Industri	23.970	26.697	24.291
Bygg, anlegg	82.003	80.028	83.952
Varehandel	71.938	55.755	72.511
Transport	10.756	9.079	9.787
Eigendomsdrift etc	296.877	271.092	285.242
Anna næring	58.044	52.144	57.898
Sum næring	566.555	521.910	563.670
Personkundar	1.886.131	1.751.182	1.890.968
Brutto utlån	2.452.686	2.273.092	2.454.638
Steg 1 nedskrivninger	-881	0	0
Steg 2 nedskrivninger	-1.658	0	0
Gruppevise nedskrivninger	0	-3.100	-2.900
Steg 3 nedskrivninger (individuelle nedskrivninger i 2019)	-20.869	-14.200	-16.150
Netto utlån til kundar	2.429.279	2.255.792	2.435.588
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	509.757	450.655	488.059
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	2.939.036	2.706.447	2.923.647

NOTE 7 - Nedskrivninger og tap

I høve IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttede kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheit for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement. Tabellane under spesifiserer endringane i perioda sine nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttede trekkrettigheter for kvart steg, og inkluderer følgande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariabler, omrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	0	0	550	550
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	4	-73	0	-69
Overføringer til steg 2	-8	196	0	188
Overføringer til steg 3	0	298	298	596
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	8	4	2	14
Utlån som er fraregnet i perioden	-15	-7	-2	-25
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-129	-25	0	-154
Andre justeringer	255	570	0	825
Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.03.2020	115	963	848	1.926

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	1.829.716	53.266	7.986	1.890.968
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	18.660	-18.660	0	0
Overføringer til steg 2	-27.496	27.496	0	0
Overføringer til steg 3	0	-298	298	0
Nye utlån utbetalt	139.778	15	0	139.793
Utlån som er fraregnet i perioden	-143.020	-1.584	-26	-144.630
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.03.2020	1.817.638	60.234	8.258	1.886.131

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	876	1.761	15.600	18.237
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	14	-142	0	-129
Overføringer til steg 2	-95	543	0	449
Overføringer til steg 3	-5	-787	2.769	1.976
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	42	5	99	145
Utlån som er fraregnet i perioden	-30	-57	-415	-502
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-213	-111	1.967	1.643
Andre justeringer	178	-516	0	-338
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.03.2020	766	695	20.020	21.482

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	444.238	48.386	71.045	563.670
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	13.825	-13.825	0	0
Overføringer til steg 2	-73.665	73.665	0	0
Overføringer til steg 3	-570	-8.324	8.895	0
Nye utlån utbetalt	23.497	6.964	0	30.460
Utlån som er fraregnet i perioden	-20.697	-6.244	-634	-27.574
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.03.2020	386.628	100.622	79.306	566.555

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	72	113	0	184
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	0	-1	0	-1
Overføringer til steg 2	-3	26	0	23
Overføringer til steg 3	0	-43	0	-44
Nedskrivninger på nye kreditter og garantier	7	14	0	21
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i periode	-19	-5	0	-24
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-33	-5	0	-37
Andre justeringer	8	12	0	19
Nedskrivninger pr. 31.03.2020	31	110	0	142

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2019	142.856	36.366	1.248	180.470
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	2.072	-2.072	0	0
Overføringer til steg 2	-7.472	7.472	-2.310	-2.310
Overføringer til steg 3	0	-2.310	70	-2.239
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	22.070	3.626	0	25.697
Engasjement som er fraregnet i perioden	-7.922	144	4.199	-3.579
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2020	151.604	43.227	3.208	198.039

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier	31.03.2020	31.03.2019
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	16.150	15.000
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	1.651	
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	3.068	
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder		-800
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet		0
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	20.869	14.200

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019
Endring i perioden i steg 3 på utlån (individuelle nedskrivninger i 2019)	4.719	-800	1.150
Endring i perioden i steg 3 på garantier (individuelle nedskrivninger i 2019)	0	0	0
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2 (gruppevisse nedskrivninger i 2019)	-378	-212	-1.098
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3 (individuelle i 2019)	0	0	0
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3 (individuelle i 2019)	0	83	83
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	0	-11	-11
Tapskostnader i perioden	4.341	260	1.357

NOTE 8 - VERDIPAPIR

31.03.2020				Sum
Verdsetningshierarki for verdipapir, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		201.824		201.824
Aksjar til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader		2.360	43.814	46.175
Sum	-	204.184	43.814	247.998

NOTE 9 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2020	Bokført verdi 31.03.2019	31.12.2019	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010777899	03.11.2016	03.11.2020	50.000	50.245	50.197	50.251	3m Nibor + 115 bp
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000	50.261	50.202	50.262	3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000	50.078	50.060	50.075	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000	50.300	50.229	50.299	3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.299	0	50.252	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.197	0	50.000	3m Nibor + 70 bp
NO0010712888	11.06.2014	11.06.2019	50.000	0	50.065	0	3m Nibor + 87 bp
Sum gjeld ved utsending av verdipapir				301.380	250.753	301.138	

NOTE 10 - KAPITALDEKNING

Kapitaldekning	1. kvartal	1. kvartal	Året
	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019
Sparebankens fond	308.808	290.320	310.820
Fond for urealiserte gevinster	8.198	0	0
Sum egenkapital	317.006	290.320	310.820
Overfinansiert pensjonsforpliktelse	0	0	0
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Fradrag i ren kjernekapital	-19.018	-9.530	-9.716
Ren kjernekapital	297.988	280.790	301.104
Sum kjernekapital	297.988	280.790	301.104
Ansvarlig lånekapital	30.000	30.000	30.000
Sum tilleggskapital	30.000	30.000	30.000
Netto ansvarlig kapital	327.988	310.790	331.104
	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	4.020	2.204	3.825
Institusjonar	5.511	9.444	5.536
Føretak	104.162	131.766	104.809
Pantesikkerhet eigendom	1.043.953	1.003.482	1.027.478
Forfalte engasjement	12.517	15.836	14.527
Høgrisiko engasjement	75.322	45.380	43.299
Obligasjonar med fortrinnsrett	16.263	18.291	16.619
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	5.258	257	1.387
Andelar verdipapirfond	0	0	6.960
Eigenkapitalposisjoner	31.847	29.071	31.121
Øvrige engasjement	91.839	92.827	103.946
CVA-tillegg	0	148	41
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.390.693	1.348.706	1.359.548
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	112.499	106.592	112.499
Berekningsgrunnlag	1.503.191	1.455.297	1.472.047
Kapitaldekning i %	21,82 %	21,36 %	22,49 %
Kjernekapitaldekning	19,82 %	19,29 %	20,45 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,82 %	19,29 %	20,45 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eigarandel på 0,33 % i Eika Gruppen AS og på 0,54 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019
Rein kjernekapital	313.889	287.798	308.209
Kjernekapital	317.330	291.206	311.636
Ansvarleg kapital	351.650	325.237	345.956
Berekningsgrunnlag	1.693.570	1.631.529	1.647.985
Kapitaldekning i %	20,76 %	19,93 %	20,99 %
Kjernekapitaldekning	18,74 %	17,85 %	18,91 %
Rein kjernekapitaldekning i %	18,53 %	17,64 %	18,70 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,87 %	8,88 %	9,04 %

NOTE 11- HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Pr. 31.12.2019 har forstandarskapet i Ørskog Sparebank vedteke utbetaling av gåvemidlar for kr. 739.000,- frå resultatet i fjor. Det er ikkje fatta vedtak om når utbetalinga skal skje.

Banken iverksette tiltak for å redusere risiko for spreiring av Covid-19 viruset ved å stenge dørene og avgrense fysiske møter. Banken har haldt oppe den samfunnsviktige funksjonen og handsama kundane via telefon, e-post og via andre digitale kanalar.

Etter balansedagen 31.03.2020 har fleire av tiltaka regjeringa vedtok knytta til smitteavgrensingstiltak blitt oppmjuka. Dette betyr at fleire av banken sine bedriftskundar som har måtte halde stengt igjen kan opne opp og på ny få inntekter. Fleire av kundane har fått utbetalingar frå den statlege kontantstøtteordninga som dels kompenserer for dei utgiftene verksemda har hatt i periodar.

Etter balansedagen 31.03.2020 har det funne stad ekstraordinær generalforsamling i det tilknytte selskapet Sjøholt Næringsbygg AS der banken er aksjonær. Banken har gjennom emisjon og andre tilhøyrande transaksjonar auka eigarandelen i selskapet til 73,91 %.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 13.05.2020 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 1. kvartal for Ørskog Sparebank per 31.03.2020. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 1. kvartal 2020 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31.03.2020 .

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 31.03.2020

Arne Jan Sollied
Styreleiar

Torstein L. Stavseng
Nestleiar

Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem

Siw Pek
Repr. for tilsette

Ingunn S. Fladmark
Styremedlem

Eirik Kavli
Banksjef